



NVE
Noregs vassdrags-
og energidirektorat

Aktieselskabet Saudefaldene
Vangnes 19
4200 SAUDA

Vår dato: 12.06.2023

Vår ref.: 202305552-3 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

NVE gir løyve til fråvik av sommarvasstand i Fetavatnet og Slettedalsvatnet i Sauda kommune i samband med rehabilitering av dam Fetavatn

Vi viser til søknad av 19.03.2023 frå Aktieselskabet Saudefaldene om løyve til mellombels fråvik frå manøvreringsreglementet for Fetavatnet og Slettedalsvatnet.

Om søknaden

Aktieselskabet Saudefaldene søker om løyve til å halde vasstanden i Fetavatnet til LRV i perioden 15.06.2023-30.09.2023, og vasstanden i Slettedalsvatnet mellom HRV og HRV-15 m i perioden 15.07.2023-15.09.2023.

Dam Fetavatnet skal rehabiliterast. Som ein del av denne rehabiliteringa skal det gjennomførast blant anna ny plastring, lekkasjemåling, og vasstandsmåling ned til 0,5 m under LRV. På grunn av omfanget av arbeidet må heile sesongen nyttast, inkludert perioden med sommarrestriksjon på vasstanden i magasinet. For å redusera flaumfaren for rehabiliteringsprosjektet ønskjer dei òg å senka vasstanden i Slettedalsvatnet. Ettersom Slettedalsvatnet kan stige 6-7 m på kort tid, ønskjer dei å ha moglegheita til å senka magasinet ned til HRV-15 m. Dette gjer at dei kan handtera varierende tilsig og redusera faren for oppstuvning i overføringstunnelen mellom Fetavatnet (oppstraums) og Slettedalsvatnet (nedstraums).

Høyring

På grunn av avgrensa omfanget i saka har den ikkje vore kunngjort lokalt. NVE har vore i kontakt med lokale styresmakter for å få deira syn på saka, og meiner at den er tilstrekkeleg belyst gjennom dette.

Statsforvalteren i Rogaland uttalte følgjande i brev av 05.05.2023:

«Vanndekt areal vil bli redusert som følge av nedtappingen. NVE bør derfor sette som vilkår at nedtappingen skjer gradvis for å unngå stranding av fisk.»



Dersom blakking av vann kan medføre fare for forringelse av produksjonsområder for fisk, ber vi NVE vurdere behov for å stille krav om siltgardin eller tilsvarende for å begrense spredningen av partikler fra arbeidene.

Statsforvalteren i Rogaland har ellers ingen merknader til omsøkt fravik fra manøvreringsreglementet.»

NVE si vurdering

NVE kan gi løyve til fravik frå manøvreringsreglement etter vassressurslova § 8 når formålet er nødvendig reparasjons- og vedlikehaldsarbeid. Tiltaket fell etter vårt syn inn under dette formålet.

Etter manøvreringsreglementet fastsett ved kgl. res. 1. april 2011, har Fetavatnet ein restriksjon på sommarvasstand i perioden 15.06-30.09, der vasstanden skal haldast mellom HRV og HRV-1,5 m. Slettedalsvatnet har ein restriksjon i perioden 15.07-15.09, der vasstanden skal haldast mellom HRV og HRV-10 m. Aktieselskabet søkjer om å halde vasstanden i Fetavatnet på LRV på kote 473,5, noko som inneber ein vasstand 10,5 m lågare enn lågaste tillatne sommarvasstand. I Slettedalsvatnet vil dei halde vasstanden mellom HRV og HRV-15 m, som kan innebere ei senking av vasstanden på 5 m frå lågaste tillate sommarvasstand.

Restriksjonane knytt til sommarvasstand i dei to magasina er satt av omsyn til landskap og bruk av båt på vatna. Ved vasstand lågare enn HRV-1,5 m i Fetavatn kan ein ikkje nytte båt mellom magasina Hattaløfttjernet og Fetavatn. Søkjar opplyser at dei har informert hyttenaboar om rehabiliteringsprosjektet og konsekvensane for vasstanden i magasina. Både Fetavatnet og Slettedalsvatnet har mykje liten fisk, og søkjar vurderer at nedtapping ikkje vil føra til negative konsekvensar for fiskebestanden i Fetavatnet og Slettedalsvatnet. Fråviket frå restriksjonen på sommarvasstand vil heller ikkje føre til ytterlegare nedtapping, ettersom magasina er nedtappa etter vinteren. NVE er samde med Statsforvaltaren om at tappinga må skje med mjuke overgangar for å unngå stranding av fisk.

Statsforvalteren ber NVE vurdere behov for siltgardin eller tilsvarende for å avgrensa spreining av partiklar frå anleggsarbeida. Søkjar har utarbeida ei riggplan for å unngå og ev. handtere blakking av vatn. Det skal etablerast eit basseng for naturleg sedimentering og ein sedimenteringskonteiner. Søkjar opplyser at byggegropa oppstraums dammen vert skild frå magasinet med ein sperredam, og byggegropa nedstraums dammen vert skild frå elva med massar. Søkjar vil fortløpande vurdere om det vert naudsynt å bruke siltgardin, og ved behov vil dei lage ei siltgardin i elveløpet nedstraums opplagringsplassen for massar. Etter NVE sitt syn er søkjar sin plan for å i størst mogleg grad unngå og ev. handtere partikkelspreiing tilstrekkeleg.

Vatn frå Fetavatnet blir overført til Slettedalsvatnet via tunnel. LRV for Fetavatnet er 1,5 m lågare enn HRV for Slettedalsvatnet, og sålen i utløpet av overføringstunnelen er 7 m lågare enn HRV i Slettedalsvatnet. Dermed vil kapasiteten i overføringa bli redusert som følge av vasstanden i Slettedalsvatnet. Slettedalsvatnet kan stige 6-7 m med full produksjon i Storlivatnet kraftverk. Ved rask aukning i vasstand er det fare for oppstuvning i



overføringstunnelen og at vatn renn tilbake inn i Fetavatnet. Sira Kvina Kraftselskap ønsker difor å ha moglegheit for å senke vasstanden 15 m under HRV. Da kan dei både handtere varierende tilsig og ligge lågare i magasinet før den største snøsmeltingsperioden. NVE ser det som fordelaktig at arbeidet ikkje vert forsinka eller forringa ved at vatn renn inn i Fetavatnet. Vi vektlegg og at senkinga vil vera med på å redusere flaumfaren medan arbeidet vert utført. NVE meiner difor at fordelane ved å senke vasstanden er større enn ulempene.

Vedlikehald av vassdragsanlegg har stor samfunnsnytte, og NVE meiner difor det må kunna akseptert noko ulempe for allmenne interesser. Det er likevel viktig at arbeida blir gjennomførte med så små konsekvensar som mogleg for naturmiljø og brukarinteresser. NVE føreset at arbeida blir utførte så effektivt som mogleg og utan ugrunna opphald. Det skal også informerast om planane lokalt og på relevante nettsider. Etter NVE sitt syn er dei negative konsekvensane ved tiltaket innanfor ramma av det som må kunna akseptert, gitt den betydninga det har at vassdragsanlegget blir rehabilitert.

NVE meiner at vurderingane er i tråd med prinsippa i naturmangfaldslova som skal varetakast når vedtak treffast, jf. naturmangfaldslova §§ 8-12. NVE vil i samband med dette påpeika at tiltaket er mellombels og naudsynt for å sikre forsvarleg drift av vassdragsanlegget. NVE kan heller ikkje sjå at tiltaket er i strid med forvaltningsmålet for artar eller økosystem, jf. naturmangfaldslova §§ 4 og 5.

Konklusjon

NVE gir løyve til at Aktieselskabet Saudefaldene kan halde vasstanden i Fetavatnet på LRV i perioden 15.06.2023-30.09.2023, og halde vasstanden mellom HRV og HRV-15 m i Slettedalsvatnet i perioden 15.07.2023-15.09.2023.

Løyvet er gitt i medhald av vassressurslova § 8.

Løyvet blir gitt på følgjande vilkår:

- Alle vassføringssendringar skal skje med mjuke overgangar for å i størst mogleg grad unngå stranding av fisk.
- Det skal førast protokoll over vasstanden i magasinet i det tidsrommet vasstanden fråviker manøvreringsreglementet.
- Perioden med avvik frå manøvreringsreglementet må gjerast så kort som mogleg. Oppfyljing i tråd med manøvreringsreglementet skal skje så raskt som mogleg etter at arbeida er avslutta.
- Nedtappinga skal kunngjerast éin gong lokalt og i tillegg bli publisert på relevante nettsider (til dømes nettsida til selskapet og på sosiale medium) i god tid før nedtappinga startar. Aktieselskabet Saudefaldene skal og kontakte kommunen for å be dei leggja ut informasjon om tiltaket på nettsidene til kommunen.
- Ved brot på dei fastsette reglane gitt i lova eller i medhald av lova, pliktart konsesjonæren etter krav frå NVE å føra forholda i lovleg orden. NVE kan



fastsetja tvangsmulkt ved brot på reglane i konsesjonen eller andre reglar med heimel i lov.

- NVE føreset at Aktieselskabet Saudefaldene har ordna dei privatrettslege forholda som eventuelt måtte bli skadelidande av tiltaket.

Om klage og klagerett

Sjå eige vedlegg om klagetilgang.

Med helsing

Inga Nordberg
direktør

Carsten Stig Jensen
seksjonssjef

Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner

Mottakarliste:

Aktieselskabet Saudefaldene

Kopimottakarliste:

ROGALAND FYLKESKOMMUNE
STATSFORVALTAREN I ROGALAND
SAUDA KOMMUNE



Orientering om rett til å klage

Frist for å klage	Fristen for å klage på vedtaket er 3 veker frå den dagen vedtaket kom fram til deg. Dersom vedtaket ikkje har kome fram til deg, startar fristen å gå frå den dagen du fekk eller burde ha fått kjennskap til vedtaket. Det er tilstrekkeleg at du postlegg klagen før fristen går ut. Klagen kan ikkje handsamast dersom det har gått meir enn 1 år sidan NVE fatta vedtaket.
Du kan få grunngjeving for vedtaket	Dersom du har fått eit vedtak utan grunngjeving, kan du be NVE om å få ei grunngjeving. Du må be om grunngjevinga før klagefristen går ut.
Kva skal med i klagen?	Klagen bør vere skriftleg. I klagen må du: • Skrive kva for vedtak du klagar på. • Skrive kva for eit resultat du ønsker. • Opplyse om du klagar innanfor fristen. • Underteikne klagen. Dersom du brukar ein fullmektig, kan fullmektigen underteikne klagen. I tillegg bør du grunngje klagen. Dette betyr at du bør forklare kvifor du meiner vedtaket er feil.
Du kan få sjå dokumenta i saka	Du har rett til å sjå dokumenta i saka, med mindre dokumenta er unnateke offentlegheit. Du kan ta kontakt med NVE for å få innsyn i saka.
Vilkår for å gå til domstolane	Dersom du meiner vedtaket er ugyldig, kan du gå til søksmål. Du kan berre gå til søksmål dersom du har klagt på vedtaket til NVE, og klagen er avgjort av OED som overordna forvaltingsmyndigheit. Du kan likevel gå til søksmål dersom det har gått 6 månader sidan du sende klagen, og det ikkje skuldast forsøming frå di side at klagen ikkje er avgjort.
Sakskostnader	Dersom NVE eller OED endrar vedtaket til din fordel, kan du søke om å få dekkja vesentlege og nødvendige kostnader. Du må søke om dette innan 3 veker etter at klagevedtaket kom fram til deg.
Kven kan klage på vedtaket?	Dersom du er part i saka, kan du klage på vedtaket. Du kan også klage på vedtaket dersom du har rettsleg klageinteresse i saka.
Kvar skal du sende klagen?	Du må adressere klagen til Olje- og energidepartementet (OED), men sende han til NVE. E-postadressa til NVE er: nve@nve.no. NVE vurderer om vedtaket skal endrast. Dersom NVE ikkje endrar vedtaket vil vi sende klagen til OED.

Denne forklaringa bygger på forvaltningslova sine reglar i §§ 11, 18, 19, 24, 27 b, 28, 29, 31, 32 og 36.